



MØTEINNKALLING

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 26.11.2013
Møtetid: 15:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
021/13	13/717	Faste saker	
022/13	13/68	Søknad om kulturmidlar - Anton Drønen	
023/13	13/420	Grunnlovens 200-årsjubileum - val av plaleggingkomité	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 13/717	Løpenr: 13/6072
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	26.11.2013	021/13	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FE-223, FA-C00
Arkivsaksnr: 13/68	Løpenr: 13/5255
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	15.10.2013	019/13	ASL
Utvalet for oppvekst og omsorg	26.11.2013	022/13	ASL

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - ANTON DRØNEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Anton Kåre Drønen får kr 10 000 i tilskot til drifta av Antons kulturhistoriske senter.

15.10.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Av 5 medlemmar møtte 2 representantar og utvalet var ikkje vedtaksfør.

OO-019/13 VEDTAK:

Saka vart utsett.

Dokument som er vedlagt:

Søknad om kulturmidler 2013.docx

Kva saka gjeld:

Anton Kåre Drønen har søkt om kr 25 000 i tilskot til drifta av Anton kulturhistoriske senter.

Vurderingar og konsekvensar:

Søknaden frå Drønen vert sortert under kulturmidlar til kulturminne som har søknadsfrist 20. mars kvart år. Søknaden frå Drønen er dagsett 30.8.2013. I fordelinga av kulturmidlar til drift for 2013

vart det fordelt kr 25 000 til kulturminne. Det er budsjettert med kr 35 000. Det er kr 10 000 som ikkje er nytta.

Søknaden fyllar dei krav som stillast i retningslinene for tildeling av kulturmidlar. Drønen held til i Samnanger og Antons kulturhistoriske senter er eit tiltak som fremmar kulturminnevernet i Samnanger.

Drønen har opparbeida seg ein stor samling kor lokalhistoria til Samnanger er godt representert. Han har tidligare hatt ope for besøkande, men den siste tida har det ikkje vore mogleg. Drønen har ikkje fått dei inntektene han tidligare har fått, men utgiftene har vore dei same.

Antons kulturhistoriske senter er det einaste museet me har i Samnanger og det vert drive på idealisme. I tillegg til si eiga samling held han lagerplass for Samnanger historielag. Antons kulturhistoriske senter er godt kjent utanfor Samnanger sine grensar og tiltrekkar seg tilreisande til Samnanger. Drønen har dei siste åra fått god medieomtale i diverse tidsskrift som har styrka dette.

Søknadsfristen for kulturmidlar til kulturminne er satt til 20. mars kvart år. Søknaden er i så måte for sein, men av dei midlane satt av til kulturminne er det kr 10 000 som ikkje vart nytta i tildelinga.

Til Samnanger Kommune v/ Kultursjefen.

Tysse 30.08.13

Eg vil med dette søke kommunen om midlar til det kulturelle arbeidet eg gjer her i kommunen.

Antons Kulturhistoriske Senter på Frøland, vert i praksis driven på hobby basis av EIN person, undertegna. Her vert det ivareteken ei mengde gjenstander av betydeleg kulturhistorisk verdi, både lokale og nasjonale kulturskattar. Det vert og brukt utallige timar i året til formidling av kunnskap om både gjenstandar og om Samnanger kommune både historisk og notid. Med andre ord vert Samnanger her promotert på ein sær sars positiv måte, til folk «utanifrå». Det kjem i løpet av året ei rekke ulike grupper på besøk for omvisning, frå heile vestlandet, og i tillegg har det dei siste åra vore større reportasjer i diverse tidsskrift som: BA, ViMenn, Bilklassikere, Norsk Motorvetran og no i desse dagar i AMCAR magazine. BA sin reportasje gjekk og landet rundt på nettaviser.

Ut over dette har eg teke på med å halda lagerplass for Samnanger Historielag, då kommunen ikkje kunne ta på seg slikt. Historielaget gjer og ein uvurderleg jobb med hensyn til å promotera Samnanger kommune.

Det krev betydelege summer av ein privatperson til å driva Samnanger sitt «einaste» museum i løpet av året. Kommunen får jo og i ein rekke sammenhenger brukt mitt arbeid til å fortelja kva ein får til i denne kommunen. Og ut i frå alt dette som er nemnt i dette brevet, ber eg om 25000.- til å styrka mitt arbeid for saken, ein sum som vert småsummer i forhold til det som eg legg ned i dette.

På førehand takk, og med håp om eit positivt svar

Anton Kåre Drønen

Antons Kulturhistoriske Senter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FA-X01
Arkivsaksnr: 13/420	Løpenr: 13/5258
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	15.10.2013	020/13	ASL
Utvalet for oppvekst og omsorg	26.11.2013	023/13	ASL

GRUNNLOVENS 200-ÅRSJUBILEUM - VAL AV PLALEGGINGKOMITÉ

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert nedsett ein komité for planlegging av markeringar og andre tiltak i forbindelse med grunnlovsjubileet. Komiteen har desse medlemmane:

- Ordførar
- Leiar OO
- 17. mai komiteen på skulen – ein person
- Samnanger historielag – ein person
- Den norske kyrkje – ein person
- Kultursjef - sekretær

Komiteen rapporterar til utval for oppvekt og omsorg.

15.10.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Av 5 medlemmar møtte 2 representantar og utvalet var ikkje vedtaksfør.

OO-020/13 VEDTAK:

Saka vart utsett.

Kva saka gjeld:

I 2014 er det 200 år sidan grunnloven i Noreg vart vedteke. Samnanger kommune har frå fleire hold vert oppmoda til å markere grunnloven sitt 200-års jubileum.

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger kommune vert oppmoda frå fleire hold til å markera grunnloven sitt 200-årsjubileum og Samnanger kommune har vore representert på samlingar i regi av Hordaland fylkeskommune.

Samnanger kommune står fritt til å velja kva og korleis det skal markerast, men datoar som er naturleg å markera er 25. februar og 17. mai. 25. februar var dagen då det var lokalval til grunnlovsforsamlinga. Valet starta på ein ekstraordinær bededag. Samnanger var på den tida ein del av Os sokn. 17. mai er grunnlovsdagen, og det er naturleg at det vert ein form for markering på denne dagen.

Det vert foreslått at det vert satt ned ein komité bestående av folkevalte, dei lag og organisasjonar som er naturleg å ha eit samarbeid med og frå eining frå kultur.

Det vert foreslått ein komité med desse medlemmane:

- Ordførar
- Leiar OO
- 17. mai komiteen på skulen – ein person
- Samnanger historielag – ein person
- Den norske kyrkje – ein person
- Kultursjef - sekretær